



INNKALLING TIL REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Det vert representantskapsmøte i NGIR **måndag 23. oktober 2023 kl. 10.45**

Møtestad: Alver hotell

Sakliste:

- Sak 10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 11/23 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 12/23 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
 - b) Selskapsorganisering, status

- Sak 13/23 Godtgjersle til styre og representantskap
- Sak 14/23 Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 NGIR IKS
- Sak 15/23 Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 NGIR Drift AS – Uoff*
- Sak 16/23 Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 NGIR Næring AS – Uoff*
- Sak 17/23 Reglement for styret i NGIR IKS

*Sak 15/23 og 16/23 er unnateken offentlegheit jfr Offentlegheitslova § 23

Sakene vert sendt på e-post 14 dagar før møtet.

*Me oppfordrar alle til å melda frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til bjorn.berg@ngir.no.
Invitasjon sendast og ut elektronisk i Outlook Calendar, og om ynskeleg kan ein bruke denne som tilbakemelding for deltaking eller ei.*

Kjevikdalen, 09.10.23

Tormod Skurtveit
- Leiar i representantskapet -

Bjørn Berg
- Dagleg leiar -

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 23.10.23

Sak nr: 13/23

Sakshandsamar: Fredriksen

Godtgjersle til styre og representantskap

Vedlegg: Forslag til regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap frå 01.01.2024.

Saksutgreiing

Hausten 2022 vedtok representantskapet, i sak 14/22, at regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap skal vera fast sak på representantskapet sitt årlege budsjettmøte. Samstundes vart det vedteke at endringar i regulativet skal gjeld for budsjettåret som handsamast i møte.

På årsmøtet i mai 2019, i sak 07/19, gjorde representantskapet vedtak om at satsane skal vera knytt til løna til stortingsrepresentantar.

Løn til stortingsrepresentantar vart endra frå kr 1 064 318 til kr 1 107 190 per år frå 01.05.23. I vedlagte regulativ er satsane oppdatert med denne løna.

Framlegg til vedtak

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap frå 01.01.2024.

NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap

Vedteke av representantskapet i sak 13/23, med verknad frå 01.01.24.

Honorar og godtgjersle er satt ut frå løn til stortingsrepresentant pr 01.05.23 (med satsar).

Honorar til leiar i representantskapet: kr 33 216 per år (3 %)

Honorar til styreleiar: kr 66 431 per år (6 %)

Honorar til nestleiar i styret: kr 33 216 per år (3 %)

Honorar til andre styremedlemmer: kr 22 144 per år (2 %)

Honorar til 1. vara i styret (fast møtande) kr 11 072 per år (1 %)

Møtegodtgjersle til medlemmer i styre og representantskap: kr 1 329 per møte (1,2 ‰)

Møtegodtgjersle til leiar i valnemnd: kr 1 772 per møte (1,6 ‰)

Møtegodtgjersle til andre medlemmer i valnemnd: kr 1 329 per møte (1,2 ‰)

Møtegodtgjersle til leiar i klagenemnd: kr 1 772 per møte (1,6 ‰)

Møtegodtgjersle til andre medlemmer i klagenemnd: kr 1 329 per møte (1,2 ‰)

Dekking av dokumentert **tapt arbeidsforteneste**: Etter skriftleg krav

Dekking av **utgifter til vikar**: Etter skriftleg krav

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med **tilsyn av born** under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekkja med inntil kr 900 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 300 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Reisegodtgjersle i samsvar med Staten sine satsar.

Retningslinjer for dekking av tapt arbeidsforteneste og dekking av utgifter i samband med utføring av verv hjå NGIR

Medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre og representantskap har rett til å få dekka evt. tapt arbeidsforteneste eller utlegg til vikar eller utlegg til tilsyn med born, funksjonshemma og sjuke i samband med deltaking på møte, kurs, konferansar o.l. på vegne av selskapet, innanfor dei satsane som representantskapet har vedteke.

Tapt arbeidsforteneste / utlegg vert dekka etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har føreteke trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevja å få dekka utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vore fråverande som følgje av deltaking på møte m.v. for NGIR.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt når tapet vert dokumentert med oppgåva frå firma.

Ekstrautgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av born under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil kr 900 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 300 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Tap og utlegg som det vert kravd dekking av må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i påreknna overtidsarbeid eller anna ekstrainntekt vert ikkje erstatta.

Krav om dekking av tap og utlegg må framsetjast skriftleg.

Dekking av tapt arbeidsforteneste og av utlegg kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Utbetaling av godtgjersle til styre og representantskap

Honorar til representantskapsleiar, styreleiar, nestleiar og andre medlemmer i styret vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på dei opplysningane NGIR har om kven som har vore i desse verva førre halvår.

Møtegodtgjersle til styremedlemmer og medlemmer i representantskapet, og til medlemmer og leiarar i valnemnd og klagenemnd vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på registrert frammøte førre halvår.

For å få utbetalt **reisegodtgjersle**, og for evt. å få dekka **tapt arbeidsforteneste** og **andre utgifter**, må styremedlemmene og representantskapsmedlemmene nytta NGIR sine skjema for dette. Av omsyn til revisjonen (og mogleg bokettersyn), er det særskilt viktig at alt vert korrekt fylt ut *av den som krev godtgjersle*. Reisegodtgjersle og dekking av tapt arbeidsforteneste/utgifter vert utbetalt ein gong per månad. Dersom nokon vel å samla opp fleire skjema før innlevering, er det likevel viktig at dei vert levert i god tid før utgangen av det kalenderåret dei gjeld for.

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 23.10.23

Sak nr: 14/23

Sakshandsamar: Ove-Christian Fredriksen

Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-27 – NGIR IKS

Vedlagt følger forslag til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27, inkludert renovasjons- og slamgebyr for 2024.

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Styret tilrår at representantskapet godkjenner budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 under føresetnad av godkjenning av gebyr i punkt 2. og 3. i kommunestyra i NGIR sine eigarkommunar.
2. NGIR tilrår fylgjande renovasjonsgebyr i 2024:

Renovasjonsgebyr (inkl. mva)	2024		2023		Endring	
	pr år	pr mnd	pr år	pr år	pr år	pr mnd
Ordinær renovasjon *	kr 5 400	kr 450	kr 5 400	kr -	kr -	kr -
Tillegg stor restavfallsdunk (240 liter)	kr 420	kr 35	kr 420	kr -	kr -	kr -
Rabatt restavfall kvar 4. veke	-kr 420	-kr 35	-kr 420	kr -	kr -	kr -
Rabatt heimekompostering	-kr 540	-kr 45	-kr 540	kr -	kr -	kr -
Hytterrenovasjon	kr 2 700	kr 225	kr 2 700	kr -	kr -	kr -

I renovasjonsgebyret inngår tømning av dunkar hjå hustandane, hyttekonteinarar og glas- og metallkonteinarar, samt tilgang til faste og mellombelse gjenvinningsstasjonar. Inkludert er og utstyr og forbruksmateriell som dunkar, biobøtter, bio- og tekstilposar, returplastsekkar og kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

* Ordinær renovasjon tømning:

- matavfall kvar veke
- restavfall 2. kvar veke
- papir, papp og plast kvar 2. veke

3. NGIR tilrår fylgjande gebyrsatsar for slam i 2024:

Slamgebyr (inkl. mva)	2024		2023		Endring	
	pr år	pr mnd	pr år	pr mnd	pr år	pr mnd
<u>Ordinær tømning</u>						
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år *	kr 3 000	kr 250	kr 2 520	kr 480	kr 40	
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 1 500	kr 125	kr 1 260	kr 240	kr 20	
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 750	kr 63	kr 630	kr 120	kr 10	

* Gjeld minireinseanlegg som har trong for tømning kvart år

	Pr tømning		
	2024	2023	Endring
Gebyr pr kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 609	kr 511	kr 98

Naudtømning **/Ekstratømning ***

Ekstratømning inntil 4,5 kubikk	kr 5 673	kr 4 765	kr 908
Naudtømning inntil 4,5 kubikk	kr 11 345	kr 9 530	kr 1 815
Ekstratømning over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 993	kr 834	kr 159
Naudtømning over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 1 984	kr 1 666	kr 318

** Naudtømning er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtømning skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonent eller oppdragsgjevar.

*** Ekstratømning er ikkje like akutt som naudtømning, og skal oppfylle følgjande kriterium: Tømninga er utanom vanleg tømme frekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

4. Representantskapet gjev styret fullmakt til å teke opp lån til investeringar vedteken i budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27.



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27

Innhald

Grunnlag	2
Generelt.....	2
Oppgåver og utfordringar framover.....	3
Sjølvkostresultat og utjamningsfond.....	3
Gebyrutvikling	4
Investering.....	5
Driftsrammer	6
Vedlegg.....	7

Grunnlag

Selskapsavtalen seier fylgjande om økonomiplan og budsjett:

§ 21 Årsbudsjett

NGIR er ikkje avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen, og selskapet fastset sitt eige årsbudsjett. Administrasjonen i selskapet utarbeidar framlegg til budsjett i samsvar med gjeldande økonomiplan for selskapet. Framlegg til budsjett vert så handsama av styret, som legg det fram for representantskapet. Det er representantskapet som gjer bindande vedtak om selskapet sitt årsbudsjettet.

Årsbudsjettet skal setjast opp slik at det gjev eit realistisk bilete av verksemda og det forventa økonomiske resultatet av drifta.

....

§ 23 Økonomiplan

Representantskapet vedtek selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatta dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som t.d. investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalda eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Ein økonomiplan er eit grovt planleggings- og styringsverktøy, mens årsbudsjett er eit styringsdokument frå representantskapet til styret og administrasjonen.

Generelt

Frå 2024 vil alt som tidlegare låg i NGIR IKS, bli delt i tre selskap; NGIR IKS som morselskap og der gebyrinntektene frå innbyggjarane vil bli forvalta, NGIR Næring AS som berre sel tenester i marknaden og NGIR Drift AS som levera tenester til NGIR IKS og NGIR Næring AS. Dette dokument gjeld NGIR IKS. Tala frå 2023 og 2022 er soleis ikkje direkte samanliknbare.

NGIR IKS si økonomi er delt i tre område; Hushald (renovasjon), Slam og Anna omsetnad (det som fell utanfor dei to andre områda). Dette vert gjort med bakgrunn i sjølvkostprinsippet som er innarbeid i Forureiningslova. Prinsippet krev at all aktivitet finansiert gjennom renovasjonsgebyr for hushald (bustad- og fritidseigedomar) og slamgebyr vert skilt ut i eigne oppstillingar. Det er ikkje lov å bruke midlar frå NGIR sin næringsverksemd/anna omsetnad på områda Hushald og Slam, og det kan ikkje brukast midlar frå desse områda på næring/anna omsetnad. Sjølvkostprinsippet krev vidare at områda Hushald og Slam ikkje skal byggja opp eigenkapital, og at eventuelle overskot eit år skal brukast opp innan dei fem neste åra. Eventuelle overskot settast av på øyremerka utjammingsfond. Når det gjeld eventuelle underskot skal dette dekkast av utjammingsfondet når dette er mogleg, og elles innan fem år.

Drifts- og investeringsbudsjettet er sett opp for heile selskapet og gebyra framover er stipulert for hushalda og slam. For selskapa NGIR Drift AS og NGIR Næring AS visast det til eigne sakar/dokument.

Oppgåver og utfordringar framover

NGIR står føre auka krav og utfordringar dei neste åra, samstundes som dei fortsett auka prisane i samfunnet må handterast.

Staten har vedteke nye mål for auka materialgjenvinning og regjeringa hev lagt si strategi for sirkulær økonomi. Dette vil påverka avfallsbransjen sterkt dei næraste åra, og vil krevje eit endra fokus i NGIR frå innsamlar av avfall til ei leverandør og produsent i den sirkulære økonomien. Kva totale økonomiske konsekvensar dette vil få for NGIR er vanskeleg å seia då marknaden er umoden for mange av dei avfallstypene som det må arbeidast med for å auka materialgjenvinningsgraden. Men det er klart at dette vil føra til auka kostnader både på drifts- og investeringssida.

Det er lagt inn investeringar i forslag til økonomiplan i dei tre selskapa, som mellom anna skal svara på krava om auka sorteringsgrad (Utviding areal Kjevikdalen, Ettersorteringsanlegg i NGIR Drift AS, Gjenvinningsstasjonar, Ny løysing for hyttekonteinarar o.l.). Det er og eit krav om at det skal etablerast eit eiga system for innsamling av farleg avfall, og innsamlinga skal gjerast så nær innbyggjarane som mogleg. I tillegg må bemanninga styrkast for å handtere desse krava. Dei nye krava kan føra til eit behov for å auka gebyrane meir enn den generell prisveksten, men for renovasjon i planperioden er det førebels lagt til ei auke på litt over 2 % per år i åra 2025-27. Då det er midlar på sjølvkostfondet (sjå eiga punkt) vert det inga auke i renovasjonsgebyret for 2024.

Konkurransesituasjonen til NGIR er og i sterk endring. Vi ser allereie nå eit kraftig fall i bygg og anleggsbransjen, noko som vil råka de delar av NGIR som betener desse kundane. Sjå meir i Budsjett/Økonomiplan for NGIR Næring AS.

Økonomisk utvikling

Det er svært vanskeleg å spå korleis kostnadene vil utvikla seg i åra framover. Ein har difor måtta støtta seg på diverse indeksar og føresetnader:

Inntekter

Dei fleste inntektene er gebyrinntekter, mens dei andre inntektene aukast med anslag for den generell prisveksten i samfunnet.

Avskrivningar

Avskrivningane er kalkulert ut frå forventa investeringar i perioden.

Rentekostnader

Lånerenta budsjetterast i tråd med anslag for rente fram mot 2027. Det er trong for låneopptak i perioden og det er venta at langsiktige lån vil vera over 60 millionar kroner i slutten av perioden.

Alle andre kostnader

Ein har føresett at kostnadene aukar med avtala priser, anslag lønsoppgjjer og endring prisindeksar.

Sjølvkostresultat og utjamningsfond

Det er lagt opp til ei gebyrutvikling som gjer at utjamningsfonda er kr 0 ved utgangen av 2027. Sjå også eiga oppstilling i vedlegg for Økonomiplan drift 2024-27.

Årsbudsjett 2024 - Sjølvkostresultat og utjamningsfond	Hushald	Slam
Resultat	- 809 962	50 500
+ Rentekostnader lån	242 000	7 000
- Renteinntekter bankinnskot	0	0
- Kalkulatorisk rentekostnad	- 481 893	- 4 331
= Sjølvkostresultat	- 1 049 855	53 169
Utjamningsfond 01.01.2023	10 129 511	14 052
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2023	- 100 000	- 200 000
Kalkulert rente utjamningsfond 2023	449 546	- 3 833
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2024	- 1 049 855	53 169
Kalkulert rente utjamningsfond 2024	466 849	- 7 654
Utjamningsfond 31.12.2024	9 896 050	- 144 266

Gebyrutvikling

Renovasjons- og slamgebyr skal vedtakast i det enkelte kommunestyre. NGIR sitt representantskap vedtek anbefaling, og budsjettet er difor under føresetnad av at gebyr godkjennast i kommunestyra. Dei sterkt auka prisane i samfunnet, saman med eit auka krav om sortering gjer at gebyra må aukast, men for renovasjonsgebyret gjer utjamningsfondet at auka kan takast gradvis. For åra 2024-27 vil gebyra og bli auka i takt med auka investering for å nå nye krav.

Renovasjonsgebyr

Prisane i samfunnet har auka med rundt 5 % det siste året og lønsoppgjæret enda høgt over tidlegare år. Men grunna at det ventast å stå kr 10,4 millionar kroner på sjølvkostfondet for hushaldsrenovasjon ved inngongen til 2024, er det mogleg med 0 auke i renovasjonsgebyret for 2024 og ei auke på litt over 2 % kvart år i dei neste åra. For å nå dei mål myndigheita legg på kommunane på renovasjonsområdet, kan dette likevel raskt endrast når det vert klarare kva dette vil medføra av auka kostnader. Fylgjast foreslått gebyrauke vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2027. For utvikling i renovasjonsgebyr sjå eiga vedlegg. Det jobbast med å få fakturert renovasjonsgebyret månadleg, då dette for mange innbyggjarar vil vera enklare å betene økonomisk. Det synar og betre at tenestene leverast kvar månad gjennom heile året.

Renovasjonsgebyr 2024 (inkl. mva) pr månad

	2024	2023	Endring
Ordinær renovasjon *	kr 450	kr 450	kr -
Tillegg stor restavfallsdunk (240 liter)	kr 35	kr 35	kr -
Rabatt restavfall kvar 4. veke	- kr 35	- kr 35	kr -
Rabatt heimekompostering	- kr 45	- kr 45	kr -
Hytterenovasjon	kr 225	kr 225	kr -

I renovasjonsgebyret inngår tømning av dunkar hjå hustandane, hyttekonteinarar og glas- og metallkonteinarar, samt tilgang til faste og mellombelse gjenvinningsstasjonar. I tillegg kjem utstyr og forbruksmateriell som dunkar, biobøtter, bio- og tekstilposar, returplast-sekkar og kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

- * Ordinær renovasjon tømning:
 - matavfall kvar veke
 - restavfall 2. kvar veke
 - papir, papp og plast kvar 2. veke

Slamgebyr

Prisane i samfunnet har auka sterkt dei siste åra og gebyret for tenestene NGIR leverer må soleis og aukast. Slamgebyret er regulert av forskrift om sjølvkost og gebyret skal dekke alle utgifter NGIR hev på området. Utjammingsfondet for slam er venta å vera kr - 189 781 ved inngongen av 2024 og dette må dekkast opp innan utgonga av økonomiplanperioden. Fylgjast foreslått gebyrauke vil utjammingsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2027. For utvikling i slamgebyr sjå eiga vedlegg. Det jobbast med å få fakturert slamgebyret månadleg, då dette for mange innbyggjarar vil vera enklare å betene økonomisk.

Slamgebyr 2024 (inkl. mva)	2024		2023	Endring	
	pr år	pr mnd	pr år	pr år	pr mnd
Ordinær tømning					
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år *	kr 3 000	kr 250	kr 2 520	kr 480	kr 40
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 1 500	kr 125	kr 1 260	kr 240	kr 20
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 750	kr 63	kr 630	kr 120	kr 10

* Gjeld minireinseanlegg som har trong for tømning kvart år

	Pr tømning		
	2024	2023	Endring
Gebyr pr kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 609	kr 511	kr 98
Naudtømming **/Ekstratømming ***			
Ekstratømming inntil 4,5 kubikk	kr 5 673	kr 4 765	kr 908
Naudtømming inntil 4,5 kubikk	kr 11 345	kr 9 530	kr 1 815
Ekstratømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 993	kr 834	kr 159
Naudtømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 1 984	kr 1 666	kr 318

** Naudtømming er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtømming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

*** Ekstratømming er ikkje like akutt som naudtømming, og skal oppfylle følgjande kriterium: Tømminga er utanom vanleg tømmeffrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Investering

I økonomiplanperioden vert foreslått fylgjande investeringsrammer:

Investeringar	2024	2025	2026	2027
Eigedom og bygg	7 000 000	11 000 000	5 000 000	7 000 000
Maskiner og bilar	-	-	-	-
Lausøyre, inventar og diverse	3 650 000	3 250 000	3 500 000	3 000 000
Sum	10 650 000	14 250 000	8 500 000	10 000 000

Det er føresettt at 80 % vert lånefinansiert.

Ein kan då skissera fylgjande utvikling av gjeld og avdrag:

Lån	2024	2025	2026	2027
Lånegjeld per 01.01.	58 000 000	59 868 000	63 476 000	61 804 000
Låneopptak	8 520 000	11 400 000	6 800 000	8 000 000
Avdrag	6 652 000	7 792 000	8 472 000	9 272 000
Lånegjeld per 31.12.	59 868 000	63 476 000	61 804 000	60 532 000

For detaljer vises det til vedlegg.

Driftsrammer

Følgjande vert foreslått som årsbudsjett for 2024:

NGIR IKS - ÅRSBUDSJETT 2024						
	<i>Hushald</i>	<i>Slam</i>	<i>Anna oms.</i>	Budsjett 2024	Progn. 2023	Rekn. 2022
DRIFTSINNTEKTER						
Gebyr	83 246 000	12 136 000	-	95 382 000	93 440 000	83 334 850
Salsinntekter	-	-	15 365 000	15 365 000	-	-
Salsinntekt varer inn	-	-	-	-	45 150 000	46 029 010
Salsinntekt varer ut	165 000	-	-	165 000	16 545 346	20 226 935
Leigeinntekter	-	-	22 066 000	22 066 000	3 049 350	3 578 140
Andre driftsinntekter	-	-	-	-	990 000	3 594 884
SUM DRIFTSINNTEKTER	83 411 000	12 136 000	37 431 000	132 978 000	159 174 696	156 763 819
DRIFTSKOSTNADER						
Vareforbruk	100 000	-	-	100 000	5 980 000	9 180 004
Handsaming av avfall	18 292 000	1 740 000	-	20 032 000	13 670 000	14 839 935
Transport inn	43 867 000	8 125 000	-	51 992 000	14 870 000	12 510 554
Personalkostnader	5 935 000	1 084 000	9 777 000	16 796 000	64 921 647	53 941 562
Avskrivningar	1 900 962	52 500	16 148 000	18 101 462	14 275 854	15 224 678
Transport ut	-	-	-	-	6 583 000	6 153 384
Kostnad produksjonsmidlar	8 058 000	155 000	5 371 000	13 584 000	18 429 240	17 208 684
Kostnad transportmidlar	-	-	2 000	2 000	9 060 800	10 368 272
Andre driftskostnader	5 977 000	944 000	4 103 000	11 024 000	10 066 091	9 609 138
SUM DRIFTSKOSTNADER	84 129 962	12 100 500	35 401 000	131 631 462	157 856 632	149 036 211
DRIFTSRESULTAT	- 718 962	35 500	2 030 000	1 346 538	1 318 064	7 727 608
FINANSPOSTAR						
Finansinntekter	151 000	22 000	1 500 000	1 673 000	1 167 777	1 370 545
Finanskostnader	- 242 000	- 7 000	- 3 410 000	- 3 659 000	- 3 368 319	- 1 670 223
NETTO FINANSPOSTAR	- 91 000	15 000	- 1 910 000	- 1 986 000	- 2 200 542	- 299 678
RESULTAT FØR SKATT	- 809 962	50 500	120 000	- 639 462	- 882 478	7 427 930

For økonomiplanperioden vert det foreslått følgjande driftsrammer:

NGIR IKS - ØKONOMIPLAN DRIFT 2024-27				
	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
	Totalt	Totalt	Totalt	Totalt
DRIFTSINNEKTER				
Gebyr	95 382 000	97 523 175	99 761 438	101 902 613
Salsinntekter	15 365 000	15 810 585	16 253 281	16 700 247
Salsinntekt varer inn	-	-	-	-
Salsinntekt varer ut	165 000	165 000	165 000	165 000
Leigeinntekter	22 066 000	22 705 914	23 341 680	23 983 576
Andre driftsinntekter	-	-	-	-
SUM DRIFTSINNEKTER	132 978 000	136 204 674	139 521 399	142 751 436
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	100 000	102 500	104 550	105 282
Handsaming av avfall	20 032 000	20 532 800	20 948 807	21 119 167
Transport inn	51 992 000	53 291 800	54 382 620	54 874 054
Personalkostnader	16 796 000	17 690 105	18 574 610	19 503 341
Avskrivningar	18 101 462	19 884 796	21 501 462	23 051 462
Transport ut	-	-	-	-
Kostnad produksjonsmidlar	13 584 000	13 923 600	14 230 075	14 405 156
Kostnad transportmidlar	2 000	2 050	2 101	2 143
Andre driftskostnader	11 024 000	11 299 600	11 549 523	11 728 098
SUM DRIFTSKOSTNADER	131 631 462	136 727 251	141 293 749	144 788 704
DRIFTSRESULTAT	1 346 538	- 522 577	- 1 772 349	- 2 037 268
FINANSPOSTAR				
Finansinntekter	1 673 000	1 770 500	1 810 438	1 825 174
Finanskostnader	- 3 659 000	- 3 919 740	- 3 865 180	- 3 839 220
NETTO FINANSPOSTAR	- 1 986 000	- 2 149 240	- 2 054 743	- 2 014 046
RESULTAT FØR SKATT	- 639 462	- 2 671 817	- 3 827 092	- 4 051 313

Vedlegg

- Investering 2024-27
- Drift 2024-27
- Utvikling gebyr 2024-27

NGIR IKS - ØKONOMIPLAN INVESTERING 2024-27

		Total kostnad	Vedteken / Brukt	2024	2025	2026	2027	Seinare
Eigedom og bygg								
Utvidelse areal Kjevikdalen	Kjøp av tomt for å sikra plass for nye krav.	8 000 000	6 000 000	1 000 000	1 000 000			-
Gjenvinningsstasjon Manger - Oppgradering	Oppgradering	12 000 000		2 000 000	10 000 000			-
Gjenvinningsstasjon Mjåtveit - Oppgradering	Oppgradering	5 000 000				5 000 000		-
Gjenvinningsstasjon Litlås - Oppgradering	Lita og vanskeleg i bruk	2 000 000					2 000 000	-
Nye gjenvinningsstasjoner	Auka sortering	30 000 000					5 000 000	25 000 000
Brannsikring - forsikringskrav	Nye forsikringskrav	6 000 000	3 000 000	3 000 000				-
Oppgradering innkøyringsport Kjevikdalen	Port Kjevikdalen er utslite.	1 000 000		1 000 000				-
	Sum Eigedom og bygg	64 000 000	9 000 000	7 000 000	11 000 000	5 000 000	7 000 000	25 000 000
Maskiner og bilar								
	Sum Maskiner og bilar	-	-	-	-	-	-	-
Lausøyre, inventar og diverse								
Innsamling farleg avfall	System og mottakspunkt for farleg avfall	10 000 000		1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	6 000 000
Ny løysing for hyttekonteinarar	Med sortering	10 000 000	300 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	5 700 000
Nedgravne konteinarløysingar	Auka trong for nedgravne løysingar	10 000 000		1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	6 000 000
MiljøID app - Videra utvikling	Info om tømte dunk, 2 veis kommunikasjon etc.	200 000		200 000				-
Slaminformasjon til kundar på nett	Neste og utført tømning o.l. til kundar på nettsida	150 000		150 000				-
Søknadar og bestilling i kart	Klikk på hus for å søk om fritak, bestille spann osv	250 000				250 000		-
Nytt sentralbordsystem	Effektivisering og forbetre dagens løysing	50 000		50 000				-
Avviks- og bestillingssystem (Adialog)	Vidare utvikling/Digitalisering av adm. prosessar	750 000		250 000	250 000	250 000		-
	Sum Lausøyre, inventar og diverse	31 400 000	300 000	3 650 000	3 250 000	3 500 000	3 000 000	17 700 000
	SUM INVESTERINGAR	95 400 000	9 300 000	10 650 000	14 250 000	8 500 000	10 000 000	42 700 000

Det er føresett at 80 % vert lånefinansiert.

Ein kan då skissera fylgjande utvikling av gjeld og avdrag:

	2024	2025	2026	2026
Lånegjeld per 01.01.	58 000 000	59 868 000	63 476 000	61 804 000
Låneopptak	8 520 000	11 400 000	6 800 000	8 000 000
Avdrag	6 652 000	7 792 000	8 472 000	9 272 000
Lånegjeld per 31.12.	59 868 000	63 476 000	61 804 000	60 532 000

NGIR IKS - ØKONOMIPLAN DRIFT 2024-27

	Budsjett 2024				Budsjett 2025				Budsjett 2026				Budsjett 2027			
	Hushald	Slam	Anna oms.	Totalt	Hushald	Slam	Anna oms.	Totalt	Hushald	Slam	Anna oms.	Totalt	Hushald	Slam	Anna oms.	Totalt
DRIFTSINNTEKTER																
Gebyr	83 246 000	12 136 000	-	95 382 000	85 095 911	12 427 264	-	97 523 175	86 945 822	12 815 616	-	99 761 438	88 795 733	13 106 880	-	101 902 613
Salsinntekter	-	-	15 365 000	15 365 000	-	-	15 810 585	15 810 585	-	-	16 253 281	16 253 281	-	-	16 700 247	16 700 247
Salsinntekt varer inn	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Salsinntekt varer ut	165 000	-	-	165 000	165 000	-	-	165 000	165 000	-	-	165 000	165 000	-	-	165 000
Leieinntekter	-	-	22 066 000	22 066 000	-	-	22 705 914	22 705 914	-	-	23 341 680	23 341 680	-	-	23 983 576	23 983 576
Andre driftsinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
SUM DRIFTSINNTEKTER	83 411 000	12 136 000	37 431 000	132 978 000	85 260 911	12 427 264	38 516 499	136 204 674	87 110 822	12 815 616	39 594 961	139 521 399	88 960 733	13 106 880	40 683 822	142 751 436
DRIFTSKOSTNADER																
Vareforbruk	100 000	-	-	100 000	102 500	-	-	102 500	104 550	-	-	104 550	105 282	-	-	105 282
Handsaming av avfall	18 292 000	1 740 000	-	20 032 000	18 749 300	1 783 500	-	20 532 800	19 124 286	1 824 521	-	20 948 807	19 258 156	1 861 011	-	21 119 167
Transport inn	43 867 000	8 125 000	-	51 992 000	44 963 675	8 328 125	-	53 291 800	45 862 949	8 519 672	-	54 382 620	46 183 989	8 690 065	-	54 874 054
Personalkostnader	5 935 000	1 084 000	9 777 000	16 796 000	6 231 750	1 143 620	10 314 735	17 690 105	6 543 338	1 200 801	10 830 472	18 574 610	6 870 504	1 260 841	11 371 995	19 503 341
Avskrivningar	1 900 962	52 500	16 148 000	18 101 462	2 984 296	52 500	16 848 000	19 884 796	3 900 962	52 500	17 548 000	21 501 462	4 750 962	52 500	18 248 000	23 051 462
Transport ut	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Kostnad produksjonsmidlar	8 058 000	155 000	5 371 000	13 584 000	8 259 450	158 875	5 505 275	13 923 600	8 424 639	162 529	5 642 907	14 230 075	8 483 611	165 780	5 755 765	14 405 156
Kostnad transportmidlar	-	-	2 000	2 000	-	-	2 050	2 050	-	-	2 101	2 101	-	-	2 143	2 143
Andre driftskostnader	5 977 000	944 000	4 103 000	11 024 000	6 126 425	967 600	4 205 575	11 299 600	6 248 954	989 855	4 310 714	11 549 523	6 299 845	1 031 324	4 396 929	11 728 098
SUM DRIFTSKOSTNADER	84 129 962	12 100 500	35 401 000	131 631 462	87 417 396	12 434 220	36 875 635	136 727 251	90 209 677	12 749 877	38 334 194	141 293 749	91 952 351	13 061 521	39 774 832	144 788 704
DRIFTSRESULTAT	- 718 962	35 500	2 030 000	1 346 538	- 2 156 485	6 956	1 640 864	- 522 577	- 3 098 855	65 739	1 260 767	- 1 772 349	- 2 991 617	45 359	908 990	- 2 037 268
FINANSPOSTAR																
Finansinntekter	151 000	22 000	1 500 000	1 673 000	151 000	22 000	1 597 500	1 770 500	151 000	22 000	1 637 438	1 810 438	151 000	22 000	1 652 174	1 825 174
Finanskostnader	- 242 000	- 7 000	- 3 410 000	- 3 659 000	- 800 800	- 5 940	- 3 113 000	- 3 919 740	- 1 092 300	- 5 280	- 2 767 600	- 3 865 180	- 1 412 400	- 4 620	- 2 422 200	- 3 839 220
NETTO FINANSPOSTAR	- 91 000	15 000	- 1 910 000	- 1 986 000	- 649 800	16 060	- 1 515 500	- 2 149 240	- 941 300	16 720	- 1 130 163	- 2 054 743	- 1 261 400	17 380	- 770 026	- 2 014 046
RESULTAT FØR SKATT	- 809 962	50 500	120 000	- 639 462	- 2 806 285	9 104	125 364	- 2 671 817	- 4 040 155	82 459	130 604	- 3 827 092	- 4 253 017	62 739	138 965	- 4 051 313
Sjølvcostresultat og utjæmningsfond																
Resultat	- 809 962	50 500			- 2 806 285	9 104			- 4 040 155	82 459			- 4 253 017	62 739		
+ Rentekostnader lån	242 000	7 000			800 800	5 940			1 092 300	5 280			1 412 400	4 620		
- Renteinntekter bankinnskott	-	-			-	-			-	-			-	-		
- Kalkulatorisk rentekostnad	- 481 893	- 4 331			- 638 773	- 5 053			- 1 020 054	- 3 970			- 1 339 459	- 1 985		
= Sjølvcostresultat	- 1 049 855	53 169			- 2 644 258	9 991			- 3 967 908	83 768			- 4 180 076	65 374		
Utjæmningsfond 01.01.	10 479 057	- 189 781			9 896 050	- 144 266			7 723 358	- 141 935			4 071 117	- 63 670		
Budsj. avsetning til (+)/ bruk av (-)	- 1 049 855	53 169			- 2 644 258	9 991			- 3 967 908	83 768			- 4 180 076	65 374		
Kalkulert rente	466 849	- 7 654			471 566	- 7 660			315 667	- 5 503			108 959	- 1 704		
Utjæmningsfond 31.12.	9 896 050	- 144 266			7 723 358	- 141 935			4 071 117	- 63 670			0	0		

ØKONOMIPLAN 2023-2026 - Utvikling gebyr

Renovasjonsgebyr (inkl. mva) pr måned	Utvikling Renovasjonsgebyr									
	2023		2024		2025		2026		2027	
Ordinær renovasjon	kr	450	kr	450	kr	460	kr	470	kr	480
Tillegg stor restavfallsdunk	kr	35	kr	35	kr	35	kr	35	kr	35
Rabatt restavfall kvar 4. veke	-kr	35	-kr	35	-kr	35	-kr	35	-kr	35
Rabatt heimekompostering	-kr	45	-kr	45	-kr	45	-kr	45	-kr	45
Hytterenovasjon	kr	225	kr	225	kr	230	kr	235	kr	240

Slamgebyr (inkl. mva)	Utvikling Slamgebyr									
	2023		2024		2025		2026		2027	
Gebyr pr måned										
Gebyr septikslam med tømning kvart år	kr	210	kr	250	kr	256	kr	264	kr	270
Gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr	105	kr	125	kr	128	kr	132	kr	135
Gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr	53	kr	63	kr	64	kr	66	kr	68
Gebyr pr tømning										
Gebyr pr kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr	511	kr	609	kr	624	kr	644	kr	659
Ekstratømming inntil 4,5 kubikk	kr	4 765	kr	5 673	kr	5 809	kr	5 990	kr	6 126
Naudtømming inntil 4,5 kubikk	kr	9 530	kr	11 345	kr	11 618	kr	11 980	kr	12 253
Ekstratømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr	834	kr	993	kr	1 016	kr	1 048	kr	1 071
Naudtømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr	1 666	kr	1 984	kr	2 031	kr	2 095	kr	2 143

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 23.10.23

Sak nr: 15/23

Sakshandsamar: Ove-Christian Fredriksen

Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-27 - NGIR Drift AS

Vedlagt følger forslag til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 for NGIR Drift AS.

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Styret tilrår at representantskapet godkjenner budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 for NGIR Drift AS.
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å teke opp lån til investeringar vedteken i budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27.

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 23.10.23

Sak nr: 16/23

Sakshandsamar: Ove-Christian Fredriksen

Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-27 - NGIR Næring AS

Vedlagt følger forslag til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 for NGIR Næring AS.

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Styret tilrår at representantskapet godkjenner budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27 for NGIR Næring AS.

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 23.10.23

Sak nr: 17/23

Sakshandsamar: Fredriksen

Reglement for styret i NGIR IKS

Vedlegg: Forslag til Reglement for styret i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS.

Saksutgreiing

I samband med opprettinga av dotterselskap av NGIR IKS vedtok representantskapet, i sak 09/23, et reglement for styret i NGIR IKS. Dette skal sikra at dotterselskapa styrast på same måte som NGIR IKS.

Då reglementet ble lagt fram gløymde ein å ta med leiar i representantskapet si plass i styret. I selskapsavtala står det følgjande i § 16:

«Leiar i representantskapet og dagleg leiar har møte- og talerett med mindre styret har bestemt noko anna for særskilde saker.»

Bestemminga om representantskapsleiar si møte- og talerett, ynskjer ein å ta inn i reglementet slik at representantskapsleiar kan delta på styremøta for dotterselskapa. I vedlagte forslag er dette innarbeid som eit nytt pkt 4. Elles er reglementet likt det som vart vedteken i sak 09/23.

Dagleg leiar si rolle i styremøta er regulert i aksjelova.

Framlegg til vedtak

Reglement for styret i NGIR IKS endrast i tråd med forslag i denne sak.

Reglement for styret i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (org.nr. 856 167402)

Representantskapet har i møte den 05.06.23 vedteke følgjande reglement for styret i samsvar med IKS-lova § 13 om styret si myndigheit. Reglementet gjelder for styret si verksemd parallelt med den til ei kvar tid gjeldande selskapsavtale i Selskapet. Ved eventuell motstrid går selskapsavtalen framfor.

1. Endringar i reglementet kan vedtakast av representantskapet med alminneleg fleirtal.
2. Eit vedtaksført styre i NGIR IKS utgjer generalforsamlingane for aksjedotterselskap av NGIR IKS.
3. Styret i NGIR IKS skal veljast som styre i NGIR IKS sine dotterselskap.
4. Leiar i representantskapet har møte- og talerett i NGIR IKS sine dotterselskap med mindre styret har bestemt noko anna for særskilde saker.
5. Dagleg leiar i NGIR IKS skal vera dagleg leiar i NGIR IKS sine dotterselskap.
6. Revisor i NGIR IKS skal veljast som revisor i NGIR IKS sine dotterselskap.
7. Eventuelt etablering av dotterselskap eller dotterdotterselskap må vedtakast av representantskapet.
8. Alle dotterselskap i NGIR konsernet utarbeider sine eigne budsjett og økonomiplanar i tråd med aksjelova sine føresegn. Desse skal leggast fram til vedtak for representantskapet i same møtet som representantskapet handsamar NGIR IKS sitt budsjett og sin økonomiplan.
9. Styret har fullmakt til å gjera investeringar utover den vedtekne ramme, avgrensa til kr 5 million årleg.
10. Styret har fullmakt til å gjera endringar i vedtekne årlege driftskostnader med auke i driftsinntekter med eit tillegg på inntil 3 %.